

ANBODSGRUNNLAG

RAMMEAVTALAR

PROSJEKTERING OG RÅDGJEVINGSTENESTER VA



Meland kommune

Tilbudsfrist: 2.mars 2015, kl 14:00

Innholdsfor-teikning:

<u>1</u>	<u>OPDRAGET</u>	<u>4</u>
1.1	OPDRAGSGJEVAR	4
1.2	KUNNGJERING /ANNONSERING	4
1.3	ANSKAFFINGA GJELD	4
1.4	KONTRAKTAS OMFANG	4
<u>2</u>	<u>PROSEDYRE OG REGLAR FOR KONKURRANSEN</u>	<u>4</u>
2.1	REGELVERK	4
2.2	KONKURRANSEFORM	5
2.3	FORDELING AV TILBOD INNAN RAMMEAVTALA	5
2.4	ALTERNATIVE TILBOD	5
2.5	KOSTNAD MED DELTAKING I KONKURRANSEN	5
2.6	SPRÅK	5
<u>3</u>	<u>KRAV TIL LEVERANDØREN SINE KVALIFIKASJONAR</u>	<u>5</u>
3.1	GENERELT OM KRAVA	5
3.2	DOKUMENTASJON	6
<u>4</u>	<u>LEVERANSESKILDRING</u>	<u>7</u>
4.1	LEVERANSAR	7
4.2	FAKTURERING	7
4.3	BETALINGSVILKÅR	7
<u>5</u>	<u>TILDELINGSKRITERIER</u>	<u>7</u>
5.1	GENERELT OM TILDELINGSKRITERIER	7
5.2	HOVEDKRITERIET FOR VAL AV LEVERANDØRAR I DENNE KONKURRANSEN	8
<u>6</u>	<u>KONTRAKTSVILKÅR</u>	<u>8</u>
6.1	GENERELT OM KONTRAKTSVILKÅR	8
6.2	GENERELLE VILKÅR	8
6.3	SPESIELLE VILKÅR	8
6.4	HONORAR	9
<u>7</u>	<u>KRAV TIL TILBODET SIN FORM OG INNLEVERING</u>	<u>9</u>
7.1	GENERELT OM TILBODET	9
7.2	KOMPLETT TILBOD SKAL BESTÅ AV FØLGENDE DOKUMENTER	9
7.3	TILBODET SIN FORM	9
7.4	TILBODSFRIST	10
7.5	LEVERINGSADRESSE (KONTORADRESSE)	10
7.6	POSTADRESSE	10

Anbudsgrunnlag rammeavtale prosjektering og rådgjevingstenester VA

7.7	TILBODSÅPNING	10
7.8	TILBODETS VEDSTÅELESFRIST	10
8	<u>VIKTIG PRAKTISK INFORMASJON</u>	10
8.1	TILBODSKONFERANSE	10
8.2	INFORMASJON OM KORRIGERING AV UTLYSNINGA OG KONKURRANSEGRUNNLAGET	10
8.3	KONTAKTPERSON HOS OPPDRAGSGJEVAR VEDRØRANDE ANBODSGRUNNLAGET	10

Vedlegg:

Vedlegg 1:	Tilbudsbrev
Vedlegg 2:	HMS-eigenerklæring
Vedlegg 3:	Prisskjema
Vedlegg 4:	Tiltaksplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø 2015-2019, Meland kommune

1 Oppdraget

1.1 Oppdragsgjever

Oppdragsgjever for denne anskaffinga er Meland kommune ved tenesteområde for Plan, utbygging og kommunalteknikk. Meland kommune ligg like nord for Bergen, med ei reisetid på knapt ein halvtime frå Bergen sentrum. Kommunen veks hurtig, og har i dag eit folketal på ca. 7500. Busetnaden er til dels spreidd, men mest konsentrert i den sørlige delen, rundt kommunesenteret Frekhaug.

1.2 Kunngjering /annonsering

Konkurransen er utlyst i DOFFIN (www.doffin.no) og TED.

1.3 Anskaffinga gjeld

Meland kommune ved Plan, utbygging kommunalteknikk utførar mellom anna planlegging og bygging av nye VA-anlegg i kommunen. Prosjektering av VA-anlegga vert i hovudsak utført av eksterne VA-rådgjevare. Denne anskaffinga gjeld parallelle rammeavtalar for VA-relaterte prosjekterings- og rådgjevingstenester. Det vil, forutsatt at det er tilstrekkeleg antall eigna tilbydarar, bli inngått 3 parallelle rammeavtalar. Dei aktuelle rådgjevings- og prosjekteringsoppdraga er skildra nærare i Meland kommune sin tiltaksplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø 2015-2019, sjå vedlegg 4.

Det vert gjort merksam på at det i kontrakta vil bli stilt krav om at leverandørane må følgje VA-normen for Meland kommune: se <http://www.va-norm.no/content/view/full/78565>

1.4 Kontraktas omfang

Rammeavtalane vil ha ei varigheit på 2 år. I tillegg skal oppdragsgjever ha opsjon på forlenging av avtalane i ytterlegare 2 år. Oppdragsgjever skal varsle om innløysing av opsjon ikkje seinare enn 30 dagar før utgangen av inneværande avtaleår.

Den totale verdia av kontrakta innanfor fagfeltet er rekna til ca kr 1,5 mill pr år eks mva.

Total kontraktsverdi inkludert opsjoner vert estimert til ca kr 6,0 mill eks mva.

Kontraktsverdien er eit estimat, og oppdragsgjever forpliktar seg ikkje til noko bestemt volum. Kontrakta vil ikkje omfatte forprosjekt og prosjektering av nytt vassbehandlingsanlegg. Det vil bli eigne konkurransar for dette oppdraget.

2 Prosedyre og reglar for konkurransen

2.1 Regelverk

Anskaffinga er omfatta av lov om offentlige anskaffelser av 16.juli 1999 nr.69 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser av 7.april 2006 (FOA). For denne anskaffinga gjeld del I og III.

2.2 Konkurransereform

Konkurransereform er open anbudskonkurranse i henhold til FOA § 14-1(1). Dette innebærer at alle interesserte leverandører kan gi tilbud.

Anskaffinga er planlagt gjennomført etter følgende framdriftsplan:

Aktivitet	Dato
Kunngjering i Doffin	16.01.2015
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	16.02.2015
Tilbudsfrist	02.03.2015 kl. 14:00
Kontraktstildeling	06.03.2015
Karènsperiode	10 dagar
Kontraktsignering	16.03.2015

2.3 Fordeling av tilbud innan rammeavtala

Oppdrag vil bli fordelt basert på rotasjon. Dette innebærer at den leverandøren som blir innstilt som nr 1 vil bli tilbudt første oppdrag, leverandør nr. 2 vil bli tilbudt andre oppdrag, leverandør nr. 3 vil bli tilbudt tredje oppdrag, leverandør 1 vil bli tilbudt fjerde oppdrag osv. Dersom den leverandøren som blir tilbudt oppdraget takkar nei, vil neste leverandør i rekka bli tilbudt oppdraget. Eks. dersom leverandør 1 takkar nei, vil leverandør 2 bli tilbudt oppdraget. Ved neste oppdrag er det så leverandør 3 som vil bli tilbudt oppdraget først.

Kontakta leverandør må melde tilbake om han kan påta seg oppdraget innan 2 døgn etter skriftleg henvending frå kommunen. Mobiliseringstid skal vere maks 3 veker.

2.4 Alternative tilbud

Alternative tilbud vil ikkje bli vurdert.

2.5 Kostnad med deltaking i konkurransen

Leverandør må sjølv bære alle utgifter til deltaking i konkurransen.

2.6 Språk

Tilbudet skal utformast på norsk.

3 Krav til leverandøren sine kvalifikasjonar

3.1 Generelt om krava

Kvalifikasjonskrav er minimumskrav som er knytt til om leverandøren er eigna til å levere den aktuelle leveransen. Føremålet med å stille kvalifikasjonskrav er å sikre at leverandøren teknisk, organisatorisk, økonomisk og finansielt har det nødvendige grunnlaget for å gjennomføre kontrakta. Alle krav må oppfyllest for at leverandøren skal bli kvalifisert.

3.2 Dokumentasjon

Leverandøren må dokumentere at krava under er oppfylt gjennom innlevering av den dokumentasjon som er angitt under det enkelte krav. Dokumentasjon skal leverast saman med tilbodet. Det kan leverast kopi av attester og sertifikater, men originaldokumentet må kunne forevisast etter anmodning frå oppdragsgjevar.

KRAV	DOKUMENTASJONSKRAV
Leverandøren skal ha ordna forhold med omsyn til betaling av skatt, arbeidsgjevaravgift og meirverdiavgift.	<p>Skatteattester ikkje eldre enn 6 måneder rekna frå anmodningsfristen. Med skatteattester meinast:</p> <p>For norske tilbydare:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skjema frå skattedirektoratet (RF-1244) for meirverdiavgift utstedt av skattekontoret. • Skjema frå skattedirektoratet (RF-1244) for skatt og arbeidsgjevaravgift utstedt av skatteoppkreverkontoret. <p>For utenlandske leverandører:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Utenlandske leverandørar må fremlegge tilsvarende attester frå sine land som viser at dei har ordna skatte- og avgiftsforhold. Dersom myndighetene i det aktuelle landet ikkje utsteder slike attestar, skal leverandøren framlegge ein erklæring som stadfestar at alle skattar og avgifter er blitt betalt. Erklæringa skal vere godkjent og signert av leverandøren sin økonomidirektør/økonomiansvarlege.
For arbeid som skal utførast i Norge skal leverandøren oppfylle norske HMS-krav.	<ul style="list-style-type: none"> • Utfylt og signert HMS-egenerklæring. Bruk gjerne vedlagte mal, se vedlegg 2.
Leverandøren skal vere eit lovleg etablert føretak.	<p>Norske leverandørar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Firmaattest. <p>Utenlandske leverandørar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Stadfesting på at leverandøren er registrert i bransjeregister eller føretaksregister iht. lovgivinga i det land der leverandøren er etablert.
Krav til godkjenning	<ul style="list-style-type: none"> • Sentral godkjenning for ansvarsrett som ansvarlig prosjekterende (PRO) i tiltaksklasse 3 innan fagområdet for prosjektering av vannforsynings-, avløps- og fjernvarmeanlegg. • Sentral godkjenning som ansvarleg søkjar i tiltaksklasse 2
Leverandøren skal ha tilstrekkeleg finansiell styrke til å kunne oppfylle kontrakta	<ul style="list-style-type: none"> • Leverandøren sitt årsregnskap inkludert noter med styre- og revisjonsberetning frå dei to siste åra.
Leverandøren skal ha tilstrekkeleg kapasitet og gjennomføringsevne.	<ul style="list-style-type: none"> • Ein oversikt av leverandøren sin gjennomsnittlege arbeidsstyrke innanfor relevant fagkategori
Leverandøren skal ha erfaring frå	<ul style="list-style-type: none"> • Det skal leggst ved ei liste som viser dei viktigaste

Anbudsgrunnlag rammeavtale prosjektering og rådgjevingstenester VA

liknande oppdrag	relevante leveransane dei siste 3 åra, inkludert deira omfang, verdi, tidspunkt og oppdragsgjevar eller mottaker. I vedlegget skal det vere oversikt over kontaktperson for den enkelte leveranse.
Leverandøren skal ha eit velfungerande kvalitetssikringssystem	<ul style="list-style-type: none">• Det skal gjevast ei innhaldsforteikning, samt kortfatta skildring, av kvalitetssikringssystemet som leverandøren vil legge til grunn for gjennomføring av kontrakta.• Dersom systemet er sertifisert i henhold til ISO-9001 eller andre relevante sertifiseringssystemer er det nok å legge fram kopi av sertifikatet.

Merk: Dersom leverandøren støtter seg på andre foretak skal det vedlegges tilsvarende dokumentasjon frå desse føretaka, samt forpliktelseserklæring

4 Leveranseskildring

4.1 Leveransar

Arbeida omfattar alle typer prosjekteringsarbeider og rådgjeving innan VA-anlegg. Dette kan mellom anna vere:

- Skisse, for- og detaljprosjektering med utarbeiding av tilbodsdokumenter
- Innhenting av tilbud for utføring, inkl. anbudsdokument, nødvendige teikningar med revisjoner og som bygget teikningar, nødvendige innmålingar, bistand til kontrahering, trafikkavviklingsplaner, oppfølging i byggetid og garantitid.
- Utarbeiding av kostnadsoverslag.
- Byggesøknad. Sørge for nødvendig materiale og dokumentasjon for byggesakshandsaming. Ivareta rolle som ansvarleg søkjar, prosjekterande og kontrollerande for prosjektering.
- SHA koordinator for utføring. Utarbeiding av SHA plan.

4.2 Fakturering

Fakturaadresse:

Meland kommune fakturamottak
Postboks 79
5906 Frekhaug

4.3 Betalingsvilkår

All fakturering skal skje på grunnlag av dokumentert utført arbeid. Faktura skal ha betalingsfrist på 30 dagar.

5 Tildelingskriterier

5.1 Generelt om tildelingskriterier

Tildelingskriterier er de kriterier som oppdragsgjevar skal legge vekt på ved val av tilbud. Ei samla vurdering av tildelingskriterier vil avgjere kven av dei kvalifiserte tilbyderane som blir tildelt kontrakt.

5.2 Hovedkriteriet for val av leverandørar i denne konkurransen

I denne konkurransen har oppdragsgjevar valt følgjande hovedkriterium for val av leverandør:

Det økonomisk mest fordelaktige tilbudet for oppdragsgjevar

Alle dei kriterier som framgår under skal vektleggast i vurdering av det økonomisk mest fordelaktige tilbudet. Vektinga av kriteria er angitt i følgjande tabell:

TILDELINGSKRITERIE	DOKUMENTASJON	VEKT %
Pris	<p>Under dette kriteriet vektleggast:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Timesatsar på tilbode personell. Snittpris blir berekna ut i frå prosentfordeling i prisskjema. • Reisekostnader t/r Meland. <ul style="list-style-type: none"> - Timesatsar personell vil telle vesentleg meir enn reisekostnader <p>Dokumentasjon</p> <ul style="list-style-type: none"> - Utfylt prisskjema, se vedlegg 3 	30 %
Tilbode personell sin dokumenterte erfaring og kompetanse	<p>Under dette kriteriet vektleggast:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Relevant kompetanse og erfaring frå prosjekteringsarbeider og rådgjeving innan VA-anlegg vil bli vekta på ein skala frå 1-10, der 10 er høgast. <p>Dokumentasjon:</p> <ul style="list-style-type: none"> - CV for tilbode medarbeidare jf. opplisting i prisskjema. CV-en skal innehalde opplysningar om utdanning og tidlegare utførte oppdrag (oppdragsgjevar, storleik, og type/art og medarbeideren sin rolle i prosjektet). Vurdering av erfaring og kompetanse vil bli gjort med same vekting som i prisskjemaet. 	70 %

6 Kontraktsvilkår

6.1 Generelt om kontraktsvilkår

Kontraktsvilkåra skal saman med anbudsgrunnlaget danne eit grunnlag for endeleg kontrakt med atterhald om mindre praktiske justeringar/tilpasningar. I tilfelle av motstrid mellom dei generelle og spesielle vilkåra, skal sistnevnte vilkår gå foran.

6.2 Generelle vilkår

For rammeavtalane vil NS 8402 bli nytta. Det skal vidare opprettast eigen avtale for kvart deloppdrag. Avhengig av oppdraget sin storleik og type oppdrag skal det anten gjerast ein bestillingsbekrefting eller avtale iht NS 8401 eller NS 8402. Ved overskridingar av avtalte leveringsfrister vil dagmulkt iht. gjeldende standard bli gjort gjeldande.

6.3 Spesielle vilkår

Timepriser regulerast årleg for lønns-/prisendring i hht gjennomsnittleg endring i RIF's lønnsstatistikk, første gang 01.04.2016, med basis i siste års statistiske endring i %.

6.4 Honorar

Oppdraget vert honorert etter medgått tid. Før igangsetting av det enkelte deloppdrag skal rådgjevaren på basis av oppdragsgjevar sin spesifikke oppdragsskildring med tidsfrister, utarbeide ein KTR (plan for Kostnad/Tid/Ressurs) for deloppdraget. Basert på utarbeidd og godkjent KTR, oversender oppdragsgjevar ein bestilling/ kontrakt på deloppdraget med avtalt honorarramme. Prisene er eks. mva og inkl. interne biomkostninger, men ekskl. kopiering og distribusjon av teikningar og prosjektdokumenter til eksterne aktører (entreprenørar og liknande) som vert honorert etter marknadspris.

7 Krav til tilbodet sin form og innlevering

7.1 Generelt om tilbodet

Tilbodet skal innbindast (perm) og leverast i 1 eksemplar på papir samt i elektronisk versjon (USB), samt 1 elektronisk versjon av sladda tilbod som kan leverast ut ved spørsmål om innsyn. Elektronisk versjon skal vere i PDF-format eller tilsvarande. Papirversjonen har forrang framfor den elektroniske versjonen i tilfelle avvik og/eller motstrid.

7.2 Komplette tilbod skal bestå av følgende dokumenter

7.2.1 Tilbodsbrief

- Tilbodsbrief, må innleverast fullstendig utfyllt, samt datert og underteikna av person med fullmakt til å binde leverandøren.
- Nøyaktig og fullstendig skildring av alle avvik og atterhald i forhold til anbudsgrunnlaget sine bestemningar. Vesentlege atterhald eller vesentlege avvik vil føre til avvising. Det vert gjort merksam på at også ikkje vesentlege atterhald eller avvik kan føre til at oppdragsgjevar avviser tilbodet, jf forskrift om offentlige anskaffelser.

7.2.2 Tilbodsdocumentene

Tilbodet skal returnerast i følgjande rekkefølge:

1. Tilbodsbrief, jf. pkt 7.2.1.
2. Kvalifikasjonsdocumenter.
 - a. Skatteattester.
 - b. HMS-eigenerklæring.
 - c. Firmaattest
 - d. Sentral godkjenning for ansvarsrett for prosjekterende og ansvarleg søkjar
 - e. Årsregnskap inkludert noter med styre- og revisjonsberetning frå dei to siste åra.
 - f. Oversikt over arbeidsstyrke innan fagfeltet
 - g. Referanseliste for føretak
 - h. Skildring av kvalitetsstyring eller ISO 9001 sertifikat.
3. Dokumentasjon knytt til tildelingskriterier.
 - a. Utfyllt prisskjema
 - b. CV for tilbode personell.

Leverandør er sjølv ansvarleg for at alle spørsmål, krav og avklaringspunkter i tilbodet vert besvart og dokument.

7.3 Tilbodet sin form

Ved innlevering skal tilbodet vere i lukka nøytral konvolutt/pakke som skal vere merka med:

Tilbod rammeavtale for prosjektering og rådgjevingstenester VA-anlegg

Att: PUK v/Berit Eskeland

7.4 Tilbudsfrist

Frist for å levere inn tilbud er satt til:

02. mars 2015, kl. 14:00.

Tilbudet må vere oppdragsgjevar i hende på oppgitt leveringsadresse før utløpet av fristen.

7.5 Leveringsadresse (kontoradresse)

Meland kommune
Havnevegen 41
5918 Frekhaug

7.6 Postadresse

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

7.7 Tilbudsåpning

Det vil bli tilbudsopning den 02.mars 2015 kl 14.00.

Det vil ikkje bli holdt offentleg tilbudsopning.

7.8 Tilbodets vedståelsesfrist

Tilbudet er bindande for leverandør inntil 90 dager etter tilbudsfristen sitt utløp.

8 Viktig praktisk informasjon

8.1 Tilbudskonferanse

Det blir ikkje heldt tilbudskonferanse.

8.2 Informasjon om korrigering av utlysninga og konkurransegrunnlaget

Oppdragsgjevar vil nytte www.doffin.no for å administrere konkurransen fram til innlevering av tilbud. Dette kan for eksempel gjelde korrigering av utlysninga og/eller konkurransegrunnlaget, herunder endring av tilbudsfrist, og svar på spørsmål fra leverandørane. Alle spørsmål må sendast skriftleg på e-post, og alle spørsmål og svar vil bli lagt ut på DOFFIN utan at identiteten til spørsmålsstillaren vert oppgitt.

Leverandørar som sjølv lastar ned konkurransegrunnlaget frå www.doffin.no, vil automatisk bli varsla om tilleggsinformasjon som leggst ut av oppdragsgjevar.

8.3 Kontaktperson hos oppdragsgjevar vedrørende anbudsgrunnlaget

Kontaktperson: Berit Eskeland
Telefon: 56 17 11 68
E-postadresse: Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Anbudsgrunnlag rammeavtale prosjektering og rådgjevingstenester VA

Frekhaug 16.01.2015

Berit Eskeland
prosjektrådgjevar